


Informasjonsskriv til føresette til barn i barnehagar i **Fjaler** kommune

Søknad om barnehageplass frå og med 2019

Frå januar 2019 skal søknad om barnehageplass i Fjaler kommune gjerast via Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Dette gjeld både til dei kommunale og den private barnehagen. Det gjeld og om du søker for første gang, du søker endring av plasstype eller om du søker overføring til annen barnehage. Dette informasjonsskrivet vil gje deg informasjon om korleis du loggar deg på føresettportalen, og korleis du i portalen legg inn søknad om barnehageplass.

På Fjaler kommune si nettside vil det ligge ein link <https://barnehage.visma.no/fjaler> direkte til Visma Flyt Barnehage sin føresettportal. Ved å klikke på denne linken, kjem du til innloggingssida i føresettportalen. Du loggar deg inn med elektronisk ID via ID-porten.



I føresettportalen vel du bokmål, nynorsk eller engelsk som språk.

Søknad om barnehageplass består av fem trinn, der du som søker må fylle inn informasjon:

1. Opplysningar om barnet
 - Fødselsnummer
 - Namn
2. Kontaktopplysningar om føresette
 - Relasjon til barnet
 - Mobiltelefonnummer
 - E-postadresse
 - Legg evt. til medsøkjjar
3. Vel barnehage
 - Ynskt oppstartsdato
 - Barnehagar i prioritert rekkefølge
 - Plasstype

4. Andre opplysningar
 - Morsmål
 - Opptakskriterier barnet oppfyller
 - Dokumentasjon for kriterier der dette krevst
 - Andre relevante opplysningar

5. Kontrollskjema
 - Kontroll av opplysningar i søknad

Innsending av søknad

Søknaden sendast elektronisk, direkte frå føresettportalen til Visma Flyt Barnehage si administrasjonsløyising for kommunen si opptaksmyndigheit. Når søknaden er sendt, vil du motta ei stadfesting på den e-postadressen du har oppgitt i søknaden.

Dersom du har behov for hjelp til å fylle ut søknad i føresettportalen, kan du henvende deg til ein av styrarane i barnehagane.

Lykke til!

Mvh

Ingvard Flekke

Kommunalsjef oppvekst